

## Referat campusmøte, campus Stord

**Dato:** 25.10.2023

**Tid:** 14:00 – 15:30

**Stad:** Bib107 (møterom i biblioteket)

Til stades: Sigurd Sandvold (møteleiar), Monica W. Nortvedt, Andrea Grutle, Espen Helvig, Oded Ben-Horin, Kristina Johannesen Tolås, Trond Egil Arnesen

Forfall: Khiem Nguyen

Referent: Kajsa Nordström

### Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
10/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	5 min
11/23	Campusutviklingsprosjektet. - Oppfølgingspunkt for campusmøte, omdømeprosjekt, ambisjonsnivå	Møteleiar, Pål Adrian Clausen Ryen, Oded Ben-Horin	30 min
12/23	Campus Stord - den historiske dimensjonen, Universitetet på Vestlandet (Stord Dhd)	Møteleiar	5 min
13/23	Timeplansystem	Kristina Johannesen Tolås	10 min
14/23	Karrieredag	Kristina Johannesen Tolås	10 min
15/23	MINGEL arrangement	Kajsa Nordström	10 min
16/23	EuropaVox Campus 2024	Øystein Røsseland Kvinge	10 min
17/23	Møteplan 2024	Møteleiar	5 min

## 10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sigurd Sandvold leia møtet.

### Vedtak:

Innkalling og sakliste blei godkjent.

Ingen saker blei meldt inn til eventuelt.

## 11/23 Campusutviklingsprosjektet

### Saksframlegg:

Ei berekraftprofil knytt til barn og unge er ei spissing og ein profil som gjer seg gjeldande for både FHS og FLKI ved HVL campus Stord. Ei slik profil har og tydelege koplingar til både kommune og våre eigarar. Folkehelse er også eit område som treffer begge fakultet og som bør vurderast som ein del av ein campusprofil.

Campusmøte løfta fram at viss ein skal lykkast med en campusprofil så bør den forankra i HVL strategien, ein bør utarbeida konkrete tiltak, samt at dei store utdanningane på campus har handlingsrom til å gjennomføra nokre endringar i studieprogramma. Ein må også definera ambisjonsnivået og dei komparative fordelane med campus Stord.

HVL deltek i eit omdømmeprojekt saman med Stord kommune, for å styrkja attraktiviteten til kommunen. Campusmøte fekk presentert prosjektet, status frå spørjeundersøking, swot analyse, kommunikativ og strategiprosess, forslag til slagord og visuell profil. Det vart poengtert i møte at det er viktig å løfta fram i arbeidsgruppa at HVL har ei viktig rolle i det vidare strategiarbeidet, som ei stor arbeidsplass og utdanningsaktør.

### Vedtak:

Campusmøte vart einige om at sekretariatet arbeider vidare med tverrfakultære satsingar knytt til **berekraft, barn og unge** og **folkehelse** fram mot neste møte.

### Dokument knytt til saka:

1. [campusutvikling-stord-rapport \(1\).pdf](#)
2. [Sluttrapport Prosjekt campusutvikling versjon styrebehandling.PDF](#)

## 12/23 Campus Stord – den historiske dimensjonen, Universitetet på Vestlandet (Stord Dhd)

### Saksframlegg:

Leiar for campusmøte informerte om saksgangen i forhold til innspel og prosjektskisse knytt den historiske dimensjonen ved campus Stord. Prosjektskissa freistar å vise at campus si historiske dimensjon er særskilt relevant for utviklinga av framtidens profesjonsuniversitetscampus.

### Dokument knytt til saka:

1. [PROSJEKTSKISSE Stord campus prosjekt.docx](#)
2. [Notat- historisk prosjekt HVL- \(1\).docx](#)

**Vedtak:** Leiar for campusmøte tek rådet vidare i si linje vidare til toppleiinga, for vidare behandling av saka. Ved ein eventuelt prosjektgjennomføring bør FLKI som ansvarleg prosjektleiar.

## 13/23 Timeplansystem

### Saksframlegg:

FHS har hausten 2023 gjennomført den nye timeplanstrukturen med oppstart 08.15 og 1 time pause. Dette har medført frustrasjonar og auka stress for både studentar og lærarar, og «sei frå» saker frå studentane. Likt timeplansystem på alle campus blir ei utfordring når rekrutteringsgrunnet og infrastruktur er ulikt.

### Vedtak:

Campusmøte ønskjer å senda eit tydeleg signal til toppleiinga at ein bør sjå på moglegheiter for å endra timeplansystemet. Dagens timeplan påverkar både studentar som pendlar, samt bidrar negativt til trafikksituasjonen for elevar på Rommetveit skule.

## 14/23 Karrieredag

### Saksframlegg:

Det kjem henvendingar frå ulike hald til ulike personar i HVL om å få ha stand i vrimelaralet. Eit mogleg alternativ er å arrangere ein karrieredag på campus. Fordelen vil vera å kunna visa til ein karrieredag når ulike aktørar tek kontakt med HVL, både i forhold til relevante arbeidsplassar etter fullført utdanning, men også arbeid ved sida av studiar. Det vart poengtert at dato blir særleg viktig, for å sikra flest mogleg studentar til stades på campus.

### Vedtak:

Campusmøtet ønskjer å sjå på moglegheiter for å arrangera ein karrieredag på campus. Samfunnskontakt kan vera delaktig i gjennomføringa.

## 15/23 MINGEL arrangement

### Saksframlegg:

Bu i Sunnhordland har utfordra alle partnar å vera vertskap til det nye konseptet MINGEL. Føremålet med arrangementet er å tilby ei møteplass for nye innbyggjar i Sunnhordland.

### Vedtak:

Campusmøte er positive til å arrangere MINGEL, samfunnskontakt følger opp saka vidare.

## 16/23 EuropaVox Campus 2024

Øystein Røsseland Kvinge er prosjektleiar for EuropaVox Campus 2024, som er den andre utgåva av den internasjonale konkurransen for studentband. Prosjektet blei gjennomført for fyrste gong våren 2023 i Clermont Ferrand i Frankrike for å tevle med band frå Romania, Frankrike og Tyskland. I 2024 ynskjer prosjektet å arrangere tevlinga på Stord, og den internasjonale styringsgruppa har lagt dette ynskje til grunn for det vidare arbeidet.

Prosjektet har fått støtte frå FLKI, IK og internasjonalt kontor til å dekke lokale utgifter og har sendt inn ein Erasmus+ søknad som vil kunna dekke brorparten av utgiftene til dette prosjektet som kan femne om ca 50 - 80 tilreisande musikarar og fagtilsette frå 5-8 europeiske universitet.

Ei prosjektgruppe er sett saman, og prosjektleiar søkte forankring på campus, på tvers av fakulteta, gjennom campusmøte, for å få det meste ut av prosjektet.

#### Vedtak:

Campusmøte stiller seg positive til å arrangera EuropaVox på campus Stord i veke 16, 2024.

#### **17/23 Møteplan 2024**

Det skal vera tre møte i året, to i vårsemesteret og eit i haustsemesteret.

#### Vedtak:

Sekretariatet vil komma tilbake med forslag til datoar for campusmøte våren 2024.